


# KYRKJEBLADET

62. årg.

FOR VAKSDAL

Nr. 4/2008

**Andakt** Side 3**Slekters gang** Side 15**Gudstenesteliste** Side 16

Årets siste sommarfugl?

## Barnekoret på tur

Side 7

## Jubileum på Nesheim

Side 4, 5 og 6

## Konfirmantåret

Konfirmantane har vore på leir.

Side 9

[www.vaksdal.kyrkja.no](http://www.vaksdal.kyrkja.no)

## VAKSDAL PRESTEGJELD

### Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3  
5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20

Faks 56 59 39 29

E-post: kyrjekontoret@vaksdal.kyrkja.no

### Ekspedisjonstid:

Tysdag og torsdag kl. 09.30-15.00

onsdag kl. 11.00-15.00

### Kyrkjevevje Svein Tøsse

Tlf. kontor 56 59 39 21

Mobiltlf. 95 97 99 05

E-post: kyrkjevevja@vaksdal.kyrkja.no

### Sokneprest Edvard Bø

Prest i Vaksdal og Stamnes sokn

Tlf. kontor 56 59 70 88

Mobiltlf. 90 84 06 24

E-post: edvard.boe@vaksdal.kyrkja.no

Postboks 23, 5725 Vaksdal

### Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen og Nesheim sokn

Tlf. kontor 56 59 39 20

Mobiltlf. 90 19 65 14

E-post: frode.kvamsoe@vaksdal.kyrkja.no

Tlf. privat 56 59 73 15

E-post: fkv@broadpark.no

### Kantorane Olav Arne Steinkopf og

### Tone Synnøve Øygard Steinkopf

Tlf. kontor: 56 59 39 20

Tlf. privat: 56 59 56 25

E-post: steinkopf@online.no

### Organist i Eksingedalen og Eidsland

### Asbjørn Nese

Tlf. privat: 56 59 59 26

Mobiltlf. 95 22 84 47

### Telefon til soknerådsleiarar

**Stamnes:** Odd Helland, 56 59 81 33

**Eksingedalen:** Britt Nese, 56 59 58 12

**Felles for Vaksdal, Dale, Bergsdalen og**

**Nesheim:** Ragna Lid, 56 59 89 20

### Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

# Velkomen, haust!

Hausten pustar oss i nakken. Iskald vind bles forbi på Esso-stasjonen, snø langt ned i liene. Gule osper lyser mot oss. Hjortebukkane brøler om natta, sauebjøller let frå heimkomen smale. Båten skal på land, plenklypparen skal parkerast inst i garasjen. Hugs å stengja vatnet på hytta, og tømme pumpa. Er vinterdekka brukande i år og?

Hald på hausten, ikkje la snikande julepynt og julemarsipan ta frå oss denne fargerike årstida, som altfor ofte vert klemt mellom sommarferien og jula.

Endeleg får ein tid til hobbyen, anten det er strikking, synging, skyting, eller nye fargar på stoveveggane. Ikkje syt, alle veit at vinteren kjem, men ein treng ikkje kalla den fram enno.

Kva er vel livet utan ein haustmorgon der varmen kan slå mot deg, uventa, som ei siste helsing frå som-

maren. Kva er livet utan ein hauskveld, med

lyn og tore, regn mot stoveglaset,

straumbrot og talgljos, med fyr i

omnen. Tenk på kor lang vinteren

vert, om ein ikkje held fast på

hausten så lenge ein kan, helst til

første sundag i advent. Til våren


kan ein syngje «og atter som eit

under, nytt liv av daude gror»,

men finst det ikkje ein vak-

ker haustsong og?

Lat oss leita!



### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr. 150,-

Annonsepris: kr. 3,- pr. sp. Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

**Bladstyrar:** Stoff kan sendast til Kyrjekontoret.

**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

**Eksp. og trykk:** Øystese Trykkeri A/S, Boks 34, 5604 Øystese.

Tlf. 56 55 36 50.

**Retur til:** Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam.

**Stoff til neste nr. må vera kome inn til 1. november**

# Følg meg!

*«Derifrå gjekk Jesus vidare og fekk sjå ein mann som satt på tollbua; han heitte Matteus. Jesus sa til han: «Følg meg!» Då reiste han seg og følgde han.»  
Matt.9.9.*

Å følgje Jesus. Å følgje fotspora hans. Ikkje tråkke opp i dei...

Det er ein nåde å ha fotspor å følgje. Jesus har gått foran. Han kjenner vegen.

For han eller ho som følgjer vert fotspora vegen.

Fotspora vert etter kvart trygge og gode Du kjenner dei når du har sett dei.

Kvar går så vegen? Kor vegen snur seg veit me ikkje før me har gått han.

Men målet for vegen har han vist oss.

Å følgje i Mesteren sine fotspor er ikkje å gå i skoa hans. Hans sko kan fort verte eit hakk for store. Du går best i dine egne.

Å følgje Jesus gjer du først når du reiser deg frå stolen og tar fatt på å gå.

Det er du sjølv som må ta fyrste skrittet.

Kva vil det seie å følgje Jesus i dag? Nokon har eit armband med spørsmålet: Kva ville Jesus gjort? Du må på ein måte finne vegen og svara som tida vår no krev med omsut til dei utfordringane du står i som einskildperson og som borgar av verda. Det du skal svare for er ikkje om du veit kva Jesus ville gjort, men på kva du sjølv gjorde? Fotspora hans i verda er den gode rettesnoren. Korleis kan ein finna desse fotspora. Fotavtrykka er dei mange kjærleiksgjenningane, og dei menneska som har fått eit nytt liv i trua på han.

Slik er det når du ser bakover.

Når du ser frametter er det dei ferdiglagde gjerningane som er der framføre deg.

Særskilt dei som ikkje vert gjort om ikkje du tek tak i dei.



Det var ein tollar som følgde Jesus. Tollaren var rekna for å vere ein stor syndar som utnytta sin posisjon til å snyte pengar frå folk. Han var vane med at folk spytta etter han, håna han og elles ikkje ville ha noko med han å gjere. Men Jesus var annleis. Han stogga. Jesus såg mannen. Han som berre lengta etter at liv måtte verte nytt for han, men som sjølv ikkje såg korleis det skulle skje. Då skulle det ikkje meir til enn dei to orda: Følg meg!

Dei to orda endra livet til Matteus.

Matteus visste ikkje heilt kva det innebar å følgje Jesus. Men det han visste var dette. Jesus vil ha med meg å gjere. Han elsker meg. Han vil bruke meg i si store gjerning. Eg treng berre følgje han. Kor godt det skal bli.

*Edvard Bø*






På kyrkjebakken. Foto: Magnar Nese

# Jubileum på Nesheim

Mange samla til gudsteneste og fest for Nesheim kyrkje.



Biskopen helsar festlyden.  
Foto: Oddvar Fosse

## Gudstenesta

I flott haustver vart 100-årsjubileet for Nesheim kyrkjehøgtida andre helga i september. Mykje folk var samla, både til gudsteneste og til fest på skulen etterpå. Musikk og song av born og vaksne, biskopen i spissen for sju prestar, og ein aktiv kyrkjelyd både i kor og benkar, fylte kyrkja med fest og høgtid.

## Jubileumsbok

Onsdagen før jubileumshelga kunne endeleg jubileumsboka hentast heim til

Nesheim. Dei tre i nemnda, Albert Gullbrå, Asbjørn Nese og Nils L Nesheim, fekk hjelp frå mellom andre Helge Bergo til å samle inn stoffet. Kjartan Rødland tok på seg oppdraget å vere redaktør for boka, som altså kom «rykande fersk» til feiringa. Albert Gullbrå synte seg som ein selgjar av fyrste klasse då han presenterte boka for festlyden, og over 50 bøker vart selt aller-eie jubileumshelga.

## Alpha og Bob

Heilt frå USA kom olde-

barnet til Gulleik Trefall, Alpha Jensen, og sonen hennar Bob. Gulleik ga i si tid 2000 kroner til bygging av kyrkja. Det var denne gáva som for alvor sette fart i arbeidet med kyrkja, som vart reist heilt utan tilskot frå det offentlege. Det var fyrste gong Alpha og Bob var i Eksingedalen, og dei fekk difor oppleve ukjente sider ved slektsrøtene sine då dei kom til jubileet. Det er Kåre Trefall som har gjort dei merksame på denne delen av historie deira, og han var vertskap



Frå venstre: Kjell Arne Norum, Inge Ckr. Meidell, Ole D. Hagesæther, Frode Kvamsøe, Edvard Bø, Ibvar Molde og Magne O. Steinnes. Foto: Magnar Nese



Alpha og Bob Jensen. Foto: Magnar Nese

og tolk då dei var «heimom». Dei to vart presenterte for festlyden, og fekk med seg heim att kvar si jubileumsbok.

### Biskopen

Biskop Ole D Hagesæter var på si siste vitjing i Vaksdal som biskop då han var med på jubileet. Han hadde preika i gudstenesta, og var med på festsamkoma etterpå. Der fekk han og jubileumsboka som gåve, og takka for henne.

### Kyrkjelydsutvalet

Det var kyrkjelydsutvalet for Nesheim sokn som inviterte til

og organiserte jubileumsfeiringa. Men mange andre, inkludert gode naboar frå Eksingedalen sokn, sto på både før og undervegs for å gjere ein slik feiring mogleg. Leiar i kyrkjelydsutvalet, Frøydis Gullbrå, var los gjennom festsamkoma, og med seg i utvalet har ho Albert Gullbrå, Solfrid U Nese, Anne Synnøve Nesheim og sokneprest Frode Kvamsøe.

# Ungt preg på hundreårsfeiringa

Tekst: Jakob F Tollefsen og Solfrid U. Nese

Foto: Frøydis Gullbrå

Born og unge i Eksingedalen var med å sette sitt preg på kyrkjejubileet på Nesheim. Saman med born frå Eidslandet, Modalen, Stamnes, Dale og Stanghelle deltok borna i Eksingedalen på jubileumskonsert med Bjarte og Astrid Leithaug. Ei fullsett kyrkje fekk sjå og høyre ekte songglede frå borna som stilte med nye, blå jubileums t-skjorter. Aktørane sytte for ein fin start på jubileumshelga i september.

Alle elevane i Eksingedalen arbeidd med kyrkje-historia i ulike prosjekt. Både småskule- og storskuleelevane i Eksingedalen har i tillegg vore på ekskursionar til kyrkja på Nesheim. Til jubileumsfesten på skulen etter festgudstenesta, hadde skuleborna laga utstilling på eit klasserom. Her fann ein plakatar med bilete og tekstar frå prosjekta der elevane mellom anna hadde studert kyrkjevegen for 100 år sidan, arbeidet med å bygge kyrkja og gamle ting frå Nesheimskyrkja. Andre plakatar synte teikningar av kyrkja slik ho står i dag.

Storskuleelevar hadde laga ein Powerpoint-presentasjon av kyrkjeferda frå Bergo til Nesheim slik den gjekk føre seg for 100 år sidan. Denne turen fekk festlyden sjå og høyra om under jubileumsmiddagen. Ungdomsskuleelevane hadde skrive artiklar om begge kyrkjene i dalen, og to av artiklane frå Nesheimskyrkja vart det også lese utdrag frå på festen.



Frå konserten. Foto Magnar Nese



Utstilling på skulen.



Frå gudstenesta. Foto Magnar Nese



Thea, Ingrid og Gunvor. Alle borna som var med i koret fekk jubileums-Tskjorte og ei signert bilete av Bjarte og Astrid som minne.

Kyrkjebladet har intervjuat tre av borna som var med på feiringa:

1. Kva gjorde du under Kyrkjejubileet på Neheim?
2. Korleis likte du det du gjorde?
3. Er det noko anna du hugsar godt frå jubileet?

#### Thea Flatekval:

1. Song i koret saman med Bjarte og Astrid Leithaug.
2. Kjekt å synge med Bjarte Leithaug.
3. Det var mange folk som hørde på.

#### Ingrid Trefall:

1. Eg song i koret ilag med Bjarte og Astrid Leithaug.
2. Kjekt, fordi eg likar å synge.
3. Nei, ikkje noko spesielt.

#### Gunvor Finne:

1. Eg song i kor i lag med 40 stk. i kyrkja på Nesheim
2. Eg likte det veldig godt fordi eg likar å syngje.
3. Det var god mat på skulen på jubileumsfesten. Eg var med på å lage utstilling av plakatane våre. Eg leika i barnehagen.

## Arild Hellesøy utnemnd til prost i Hardanger og Voss prosti

Arild Hellesøy har vore prest i Nord-Hålogaland og Finnmark sidan 1987, først som kapellan i Porsanger og frå 1989-1995 som sokneprest same stad. Frå 1995-2002 var Hellesøy kapellan i Karasjok og frå

2002 har han vore prost i Indre Finnmark og sokneprest i Karasjok. Arild Hellesøy er gift og har tre born i alderen 12-19 år, men berre den yngste av dei bur heime. Familien Hellesøy kjem til Voss ein gong ut på

nyåret, men det er ikkje bestemt kva tid innsetjingsgudstenesta vert.

**Arild Hellesøy (48) er ny prost i Hardanger og Voss prosti.** Foto: Privat



# Barnekoret på tur med Brørvikskuta

Ein fin haustdag i september fekk barnekoret på Stamnes ei ny oppleving. Borna var inviterte om bord i Brørvikskuta, som låg ved kai på Hedlo, det lokale namnet på kaiområdet på Stamnes. Skutefolket spanderte bollar og jus. Barnekoret song, og borna fekk læra å knyta ekte skipsknuter av den erfarne sjømannen Kjell Leiren. Dei fekk høyra Arne Høiland fortelja om korleis Hans Brørvik bygde båten etter teikningar frå gamle dagar. Han fortalde korleis folk reiste til bydn med slike båtar, fylte med ved og anna, som dei selde.



Borna lyttar interessert på det som vert fortalt.



På veg om bord i Brørvikskuta.

## LysVaken

– adventsnatt i kyrkja 29.-30. november 2008

**Frå laurdag 29. til sundag 30. november (1. sundag i advent) skal born og vaksne fylle kyrkjerom over heile landet.**

Kyrkjelydane i Noreg er oppmoda til å invitere 11-åringane sine til ei adventsnatt i kyrkja – eit hendingsrikt og annleis kyrkjedøgn.

Me har teke utfordringa, og vil invitere dei borna i Dale sokn som er 11 år i 2009 til å overnatte i Dale kyrkje. Dette er dei same borna som over nyttår vert inviterte til kyrkja for å få Det nye testamentet. Samlinga varer frå laurdag kl. 16 til sundag kl. 12, og for dei som lurar på det: Det vert soving om natta...

«Lys vaken» handlar meir om å vere vaken for det livet har å gje, enn å ikkje sove. Tvert om: Ein må jo sove når det trengs, for å greie å vere vaken når ein skal vere det!

Kyrkjelydsutvalet sender invitasjon til samlinga i løpet av dei næraste vekene, men de som vert inviterte kan allereie byrje med å gle dykk!

Helsing Dale kyrkjelydsutval



# Vellukka velkomstfest



Familien Gullbrå intervju av Åshild Rene.

Storsalen i Vaksdal bedehus var full då det var velkomstfest for familien Gullbrå, som avslutte si misjonærteneste i Nepal i sommar. Det kom folk frå heile kommunen for å ynskje dei velkomen. Frå Tibemisjonen si

støtteforeining i Bergensområdet, «Under paraplyen», kom det og mange, og dei bidrog mellom anna med ein spørjekonkurranse om Nepal, og ei helsing frå generalsekretær Grethe Raddum i

Tibemisjonen. Kjartan heldt kveldens andakt, Kilden song, og saman med ei enkel servering og andre programinnslag var dette med på å gjere samlinga rett så trivelig.

Til store og små i

Gullbråfamilien vanka det gåver, som vart betalt av festlyden gjennom kollekten. Då utgiftene elles og var trukne ifrå, var det likevel att kr. 2265, som går til prosjektet Kjartan arbeidde med i Nepal, «Kraft for fattige».



## Marit Stokken til Dale

18.-23. november vert det møter med Marit Stokken i Dale bedehus.

Marit er 53 år gamal, og er frå Fitja på Stord, men bur no på Godøy på Sunnmøre. Ho er tilsett i Indremisjonsforbundet som evangelist, og reiser rundt om i heile landet med song og forkynning. Ofte gjer ho dette saman med Irene

Krokeide Alnes. Marit og Irene er nærast for eit omgrep å rekne, dei to har reist land og strand i nærare 35 år. Ei rekkje plater har dei og gjeve ut, desse er til saman solgt i over 150000 eksemplarer. Dei har og skrivne bøker, og det er skrivne bøker om dei.

Men denne gongen kjem altså Marit åleine, og det er indremi-

sjonsforeiningane i kommunen som står bak desse fellesmøta. Informasjon om tid for møtene kjem i annonse i Vaksdalposten, og på plakatar rundt om i kommunene. Les gjerne meir om Marit og Irene på heimesida deira: [www.maritogirene.com](http://www.maritogirene.com)



# Konfirmantåret er i gang

Det er til saman 58 konfirmantar i kyrkjene i Vaksdal i år, 48 av dei skal konfirmerast til våren. Med i dette talet er konfirmantane på Eidsland, som følgjer opplegget til Modalskonfirmantane, og 8. klassingane i Eksingedalen. Med presentasjon i gudstenestene, og leirar dei to siste hel-

gene i september, er konfirmantåret godt i gang. Framom ligg undervisnings-samlingar, gruppesamlingar og gudstenstedeltaking, og ikkje mins sjølve konfirmasjonen til våren. Konfirmantane skal vere på totalt 8 gudstenester i løpet av konfirmasjonstida. Fleire av dei er ein del av konfir-

mantopplegget, og såleis obligatoriske. Dei tre siste tek konfirmantane del i når det høver for dei.

Konfirmantane som ynskjer det, kan og vere med på ein nattcup i fotball i november. I fjor vann eine laget vårt guteklassen, så no spør det om årets konfirmantar kan kopiere dei!

## Konfirmasjonsdatoane våren 2009:

Eidsland:	26. april
Vaksdal og Dale:	3. mai
Stamnes:	10. mai
Bergsdalen:	24. mai
Eksingedalen:	31. mai




Det er mykje ulikt ein er med på som konfirmant: Her skal dei, som ein del av leirkvelden laurdagen, unngå å trække på golvet på eine leiren...



... og her balanserar dei på rekke og rad utandørs.

## Jubileumsboka KYRKJA I DALEN



Boka kan kjøpast her:

- Eksingedalen Nærbutikk
- Kyrkjekontoret for Vaksdal
- Medlemene i Nesheim Kyrkjelydsutval

Pris: Kr. 250,-



Førebuing til gudsteneste er ein del av opplegge på leirane.

# Sundagsskulen på Vaksdal fekk ein god start

**Vaksdal sundagsskule** starta opp att siste sundagen i september, og då var det 17 born som kom. Leiarane seier dei vart positivt overraska at såpass mange kom, men seier at det er framleis plass til fleire! Søndagsskulen, og anna kvar sundag (oddetalsvekene) kl. 11 i Vaksdal bedehus.

Men det er andre sundagsskular i kommunen og: **Stanghelle sundagsskule** held til i bedehuset. Det er samling dei aller fleste sundagane i haust, kl. 11. **På Stamnes** er det sundagsskule heime hjå Torleif og Bjørg

Vassenden på Straume. Det er samling kl. 11 desse datoane: 26/10, 2/11, 17/11 og 7/12. **Bergsdalen sundagsskule** held til i kyrkja, og startar i slutten av oktober. Borna i dalen får lapp i postkassa når datoane er klare. **Eksingedalen sundagsskule** brukar å ha samlingane sine i dei to kyrkjene i dalen, og sender ut melding til borna når samlingane skal ta til.

På Dale er det for tida ikkje sundagsskule, sjølv om det er lange tradisjonar for dette i bygda. Er det nokon som vil ta på seg å starte opp att?




## Avskil med biskopen

Biskop Ole D Hagesæther sin avskjed med kyrkjelydane i Hardanger og Voss prosti vert andre veka i november. Alle som vil ta farvel med biskopen på dette viset, er velkomne til gudsteneste i Vangskyrkja på Voss søndag 9. november kl. 11, med påfylgjande samkome i Vonheim etterpå.

Det vert og ei eiga samling for dei tilsette i kyrkjelydane torsdag 6. november på dagtid, og denne samlinga er lagt til Norheimsund. Dei tilsette får tilsendt meir informasjon om denne samlinga.

**Biskop Hagesæther.**



## Bladpengar for 2008

Me håper at du set pris på Kyrkjebladet, og har denne gongen lagt ved giro for innbetaling av bladpengar for 2008. Kostnadene har auka noko, så me vil truleg setje opp satsen for 2009. Men inntil vidare er bladpengane på kr 150,-. Om du vil, kan du i tillegg gje ei gåve til drifta av bladet. Neste nummer av Kyrkjebladet kjem til første sundag i advent.





# Olsokstemna på Leiro

Tirsdag kveld 29. juli, Olsokdagen, traska 18 sprekingar opp Leirelia frå Myster på Eidsland i solsteika. Etter bratte bakkar og ein del sveitte, kom me fram til tunet hjå Odd Nese, der det vart halde Olsokmesse.

Sokneprest Edvard Bø heldt preika. Etterpå var det matøkt med medbrakt niste. Det var også dei som tok seg ein dukkert i Leirovatnet. Artig var det òg at Odd let oss få koma inn og sjå den gamle stova. Dette er andre gongen det vart halde Olsokmesse på Leiro og Stamnes sokneråd ynskjer at dette skal verta ein tradisjon.

**Anne Margrethe Eikefet**



Olsokmesse på Leiro.

## Fødde



På nabogarden til Nesheim kyrkje bur Gaute Øvstebø og familien. Under preika i jubileumsgudstenesta vart han tilkalla av eine sonen, då det kom særskilt mykje rauting frå floren. Gaute gjekk heim, og då han kom attende kunne han fortelje at ein oksekalv var fødd. Og kva er vel då meir naturleg enn at kalven har fått kallenamnet Ole? På bilete se mer Ole, 25 dagar gamal. (Privat foto).

## Utdeling av Det Nye testamentet

til dei som vert 11 år i 2009

11-åringane får invitasjon til å kome til ei gudsteneste kyrkja si, der dei får Det nye testamentet. Invitasjonen vert sendt til dei som står i medlemsregisteret til Den norske kyrkja. Dersom nokon som ikkje får invitasjonen 2-3 veker på førehand likevel vil ha boka, kan dei melde dette til Kyrkjekontoret.

<b>Eidsland:</b>	25. januar kl. 11.00
<b>Vaksdal:</b>	1. februar kl. 11.00
<b>Stamnes:</b>	8. februar kl. 11.00
<b>Eksingedalen</b> (felles for begge sokna):	8. februar kl. 11.00 i Nesheim kyrkje
<b>Dale:</b>	8. februar kl. 17.00
<b>Bergsdalen:</b>	15. mars kl. 11.00





# Våren for siste gong

Som ei siste feiring av jubileumskyrkjene i Eksingedalen, iallefall på konsertfronten, vart «Visst skal våren komme» framført i Eksingedalen kyrkje 11.

oktober. Songarar frå Kilden, Modalskoret og Kordial var med, under leing av Tone Synnøve Ø. Steinkopf. Orkesteret var for dette høvet Olav Arne Steinkopf på

tangentar, og Cindi Keller på fløyte. Dei over 50 framførte fekk seg ei god og varm stund i kyrkja, medan haustvinden og haustfargane råde utandørs. Men me

skal vel tole både haust og vinter, for visst skal våren koma - på ny!



Koret fekk med seg publikum på ekstranummeret.

## Medarbeidar i gudstenesta

I mange kyrkjer er det vanleg med gudstenestemedarbeidarar . Ein har gjerne eit gruppe med personar som deltek, der kvar enkelt utførar ei eller fleire oppgåver i samband med gudstenesta. Oppgåvene vert fordelte på den einskilde. Nokon likar å lese tekstane, andre er med som kyrkjevertar. Dei deler ut salmebøker og syner folk t.d. kvar dei skal sitja, kvar

toalettet er osb. Nokon styrer lyden eller ringjer med klokke. Andre er med på førehand; hengjer opp salmenummer, pyntar eller tenner ljøs. Ofte er tenesta avgrensa til ein eller to gongar i halvåret.

I kyrkjene i Vaksdal har det synt seg å vere vanskeleg å få nokon til å binde seg til å vere kyrkjjetenar eller klok-

kar om søndagane. Ein modell med eit team med fleire gudstenestemedarbeidarar kan kankje vere ein veg å gå for kyrkjelydane i Vaksdal?

Me ynskjer å prøve ei slik ordning. I første omgang tenkjer ein på Dale kyrkje, men det kan òg vere aktuelt i andre kyrkjelydar. Har du lyst til å stille opp ein eller to gonger vil me svært gjerne

høyre frå deg. Ta i så fall kontakt med kyrkjekontoret, tlf 56 59 39 20. Og treffer du ein prest, kantor eller kyrkjevertje, må du ikkje kvie deg for å spørje om dette.

# Radioutstyr frå Vaksdal til Kenya

På Vaksdal sat det nokon som bad til Gud om at radiosendar og anna utstyr måtte komme til nytte for Herren igjen. I Kenya sat nokon andre og bad til Gud om at dei måtte få starte ein kristen radiokanal for å nå ut med evangeliet om Jesus Kristus til mange fleire og på ein meir effektiv måte. Det var ei stor glede for meg å verte kjend med Cecilia, og medverke til at desse menneska kom i kontakt med kvarandre. Cecilia Kabugi får no overta det som er att av radioutstyr etter at Radio Vaksdal la ned drifta for ca 3 år sidan.

Cecilia vart kristen i 1989. Då hadde ho vore utsett for ei ulukke, hadde brudd på hjernes-kallen, og hadde mista synet. Doktorane sa at det var ikkje håp om at ho kunne få synet attende. Ho gjorde ein avtale med Gud om at viss ho fekk att synet så skulle ho tene Han. Etter to-tre dagar kom synet gradvis attende. Ho hadde ikkje bibel då men kjøpte seg ein og las, frå perm til perm på ei veke, sidan fleire gonger. Nokre professorar og biskopar som seinare høyrde ho tala fekk ordna det slik at ho vart ordinert til prest i mai 2003. Mannen hennar er no biskop i ei Pinsekyrkje i Kenya. Dei har to born og ti adoptivborn, alle er no

vaksne. Sonen hennar studerar ved universitetet i Bergen og ho kom til Noreg for mellom anna å besøke han og svigerdottera. I Kenya har ho planlagt fleire kyrkjer pluss to i Sudan. Ho er kjend frå den kristne radiokanalen Family Radio der ho svara på spørsmål på direkteending frå folk som ringde inn 4 kveldar i veka. i helgene kjører ho rundt på svært dårlege vegar for å besøkje kyrkjelydane, medan mannen vanlegvis preikar i den lokale kyrka som på få år har vokse til over 2000 medlemmar. Cecilia er ei sterk, modig og klok kvinne med eit brennande ynskje om å nå ut til mange fleire med den gode budskapet. Ho har opplevd veldig mykje spanande i ein heilt annan kultur enn me er vane med her.

Lat oss kristne sysken her i Vaksdal be om at radiostasjonen kjem i gang snart i Kenya og om at sendingane får vere ein reiskap for Gud til velsigning, vegleing, oppmuntring og til frelse for tusenvis, ja millionar av menneske i Afrika. Lat oss be for Cecilia Kabugi om velsigning over arbeidet og at ting legg seg til rettes så ho kan koma fort i gang med i første omgang radio.

**Guds fred!  
Ragna Lid**

*Cecilia var med på Bergsdalsstemna og på velkomstfesten til familien Gullbrå.*

*Ho har skrivne denne helsinga til oss i Vaksdal:*

Praise Jesus our Lord and savior. How are you all and the saints in Dale and Vaskdal. I am well kept of Him who is forever to be worshipped and whose mercies and grace endures forever.

I gave my testimony to turning point of christian broadcasting network and we made a short video of it titled 'called by name'. On the night it was aired on local tv station 1,000 peopled called to give their lives to Jesus. I noted the power of media to reach out then. I then applied for a broadcasting licence. I then did an interactive radio show called late night' in a christain radio station from 10pm to 12am and the response was enormous as it was rated the best with the most calls in amongst all the radio programs.

This opened my eyes on the power of the air as one of the tools the enemy has effectively used is the air through radio, tv and internet where he has made many captives. Indeed in Ephesians one of principalities we must fight with is the power of the air. Early this year the kenya government gave me a licence for both radio and tv broadcasting after six years of prayers.

I thank God for Ragna Lid who got my vision and talked to the saints at Vaksdal prayer house who had some of the radio equipment that they were not using and graciously gave them to me. I am trusting God



**Cecilia Kabugi.**

for the rest of the equipment e.i. editing computers, recorder, mics, call in phones, cd players etc to set up of a small studio. For the tv broadcasting I am trusting God for studio equipment e.i. cameras, computers, transmitters etc.

Currently i am an ordained minister of the gospel and involved mostly in evangelism and church planting in Kenya. The broadcasting station will go along way in spreading the good news faster and more conveniently as currently we have to travel from village to village which is not only expensive, inconvenient since our roads are mostly impassable but also slow.

Kenya being a multi religious state the radio and tv evangelism comes in handy since people from religions that are totally against christians can and do listen privately in their homes etc and i have witnessed many call and accept Jesus as their Lord.

Thank you so much Ragna and Vaksdal brethren and I give all the glory to God, Our Father, whose loving kindness never fails.

## GRAVMONUMENTER



**Fra Brødr. Strand Stenhuggeri**

Vi har alle aktuelle steintyper. Be om katalog og tilbud. NB! Fritt levert og montert alle kirkegårdene i distriktet.

Skrifttilføyelser - Oppussing

**Harald Jordal**

Tlf. 56 59 64 72 e. kl. 17.00



*- ein lokal medspelar*



**Hordaland BA**

Avd. 405 Dale

**5721 Dalekvam - Tlf. 56 59 61 01**



Boks 12, 5721 Dalekvam. Tlf. 56 59 40 40

Din lokale leverandør av snittar, koldtbord, middag og pizza til alle anledninger.



– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - [www.spv.no](http://www.spv.no)

## SÆTERDAL ELEKTRO

Me leverer alt innan elektriker-tenester, også varmepumper.  
Tlf. 56 59 43 00



AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

**HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?**

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66      [www.vangen-elektriske.no](http://www.vangen-elektriske.no)



**Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.**  
*Kransar - Sløyfer - Oppsatsar - Bårebukettar*

Ann-Elin Mjelde Gullbrå  
Tlf. 56 59 74 70 - Mob. 91 17 97 66

## GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.  
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyelser • Omslip  
Restaurering • Bolting • Oppretting

**STEINRIKET  
DALE AS**

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • [www.steinriket.no](http://www.steinriket.no)

**Her er det plass for di annonse!**

Pris kr 3,- pr. mm.



## Festeavgifter

Det er tid for utsending av rekning for festeavgifter som er forfalle. Festeavgifta er kr 500,- for ti år, for kvar grav. Ei grav er til vanleg fri og freda i 20 år etter gravlegginga, deretter vert det kravd festeavgift. Dersom ein tingar grav ved sida av denne grava, vert det kravd festeavgift frå første dag.

Feste av grav kan fornyast dersom gravsteinen er halden vedlike, og dersom det ikkje er forhold på kyrkjegarden som gjer at grava må slettast.

Ein kan feste graver for inntil 70 år etter siste gravlegging. Dersom ein ynskjer framhald i festetida ut over 70 år må ein søkje om dette til fellesrådet.

Reglane om festeavgifter kan vere innfløkte. Kyrkjekontoret kan svare på spørsmål om dette.

### Utdrag frå Gravferdsloven av 1996 (bokmål) Kapittel 3

#### § 14. Feste av grav.

Kirkelig fellesråd kan inngå avtale om feste av grav etter nærmere regler og vilkår fastsatt i kirkegårdens vedtekter. For feste av grav kan det krevast avgift.

Festerett til grav kan bare innehas av en person.

Festetiden skal ikke være lengre enn 20 år. Et feste kan fornyes dersom graven er holdt i hevd og fornyelse ikke vil vanskeliggjøre en forsvarlig drift av kirkegården. Kirkelig fellesråd skal utstede festebrev og anmerke dette i gravregisteret.

#### § 15. Festerens rettigheter og plikter

Festeren har rett til å bestemme hvem som skal gravlegges i graven og forsyne graven med gravminne samt ellers rå over den, om ikke annet følger av gjeldende bestemmelser. Festeren har plikt til å holde graven i hevd.

Dersom avdøde hadde festet egen grav, kan den som etter § 9 har rett til å sørge for gravferden, utøve de rettighetene som er nødvendig for å gjennomføre gravferden.

## SLEKTERS GANG



### DØYPTE

#### Bergsdalen

12.10.2008

Hanna Engelina Småbrekke

#### Vaksdal

14.09.2008

Adrian Fosse Gullaksen  
( døypst i Sandviken kirke)



### VIGDE

#### Vaksdal

13.09.2008

Gro Heidi Haukefær og  
Leif Roger Kaspersen



### DØDE

#### Dale

29.08.2008

Astrid Fosse f. 1929

08.09.2008

Ingolf Seim f. 1933

27.09.2008

Ruth Petersen f. 1922

01.10.2008

Alis Matland f. 1922

#### Stamnes

03.10.2008

Orlaug Kallestad f. 1925

03.10.2008

Erna J Straume f. 1923

#### Vaksdal

28.09.2008

Solfrid Hammer f. 1939

## Dei ti Guds bod

### 1. Du skal ikkje ha andre gudar attåt meg.

*Det tyder: Vi skal ottast og elska Gud over alle ting og setja all vår lit til han.*

Returadresse: Kyrkjeblad for Vaksdal  
Postboks 113  
5721 Dalekvam

# VELKOMEN TIL KYRKJA

## DALE

Sundag 26.10 Allehelgensdag Matt. 5,13-16  
Dale kyrkje 11:00 Høgmesse, nattverd, Frode Kvamsøe,  
50-/60-årskonfirmantar

Sundag 16.11 27. s.e. pinse Matt. 13,31-33  
Dale kyrkje 16:00 Familiegudsteneste, Frode Kvamsøe,  
utdeling av 4-årsbok

Sundag 30.11 1. s. i advent Matt. 21,1-9  
Dale kyrkje 20:00 Lysmesse, Frode Kvamsøe og  
konfirmantane

## EKSINGEDALEN

Sundag 09.11 26. s.e. pinse Luk. 17,20-30  
Eksingedalen kyrkje 20:00 Høgmesse, nattverd,  
Frode Kvamsøe

## NESHEIM

Sundag 16.11 27. s.e. pinse Matt. 13,31-33  
Nesheim kyrkje 11:00 Høgmesse, nattverd, Frode Kvamsøe

## STAMNES

Sundag 09.11 26. s.e. pinse Luk. 17,20-30  
Stamnes kyrkje 19:00 Høgmesse, nattverd

Sundag 30.11 1. s. i advent Matt. 21,1-9  
Stamnes kyrkje 16:00 Lysmesse, Edvard Bø og  
konfirmantane

## EIDSLAND

Sundag 02.11 Bots- og bededag Luk. 13,23-30  
Eidsland kapell 19:00 Høgmesse, nattverd, Ivar Molde

Sundag 30.11 1. s. i advent Matt. 21,1-9  
Eidsland kapell 16:00 Lysmesse, Frode Kvamsøe

## VAKSDAL

Sundag 26.10 Bots- og bededag Luk. 13,23-30  
Vaksdal kyrkje 16:00 Familiegudsteneste, Frode Kvamsøe,  
utdeling av 4-årsbok

Sundag 09.11 26. s.e. pinse Luk. 17,20-30  
Vaksdal kyrkje 19:00 Høgmesse, nattverd

Sundag 23.11 Siste s. i k. året Matt. 25,1-13  
Vaksdal kyrkje 11:00 Høgmesse, Edvard Bø

Sundag 30.11 1. s. i advent Matt. 21,1-9  
Vaksdal kyrkje 19:00 Lysmesse, Edvard Bø og  
konfirmantane

